

Styremøte Sirdal bygdekinnelag 19.11.19

Til stades: Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Eva Marianne Tennfjord, Solveig Marie Ådneram, Åse-Berit Fidjeland og Siri Fidjeland

Forfall: Anita Haugen

Sak 24/19: Konstituering av nytt styre

Leiar: Solveig Marie Ådneram

Nestleiar: Tone Østtveit Kvinen

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland

Kasserar: Anita Haugen

Styremedlem: Helin Morel

1. vararepr.: Siri Fidjeland - møter fast på styremøta

2. vararepr.: Eva Marianne Tennfjord

Det vart diskutert om to skulle dela leiarvervet, som i Bjerkeim BK gjer i år, men me enda på same roller som førre periode.

Sak 25/19: Oppsummering årsmøte og 20-årsmarkering

Årsmøte

- tidlegare medlemmer som møtte tidleg til 20-årsmarkering var observatørar, og har lyst å meldt seg inn
- tok lenger tid enn planlagt
- det var noko uklart i rekneskapet, så revisoren ser på dette på ny
- det vart vedtatt støtte til lesesirkelen
- forslag til aktivitetar; hugs inkludering, m.a. på bli kjend i bygda-turane

20-årsmarkering

Det møtte 18 personar, nåverande og tidlegare medlemmer, og det blei ei fin markering

- stifta 21. oktober 1999
- kutta ut kviss pga. at tida gjekk
- pakkeleiken var populær
- Sirdal bondelag v/Tor Arne Liland halde tale og overrekte gåve (kr. 2000,-) som bør brukast til alle medlemmene, t.d. sommaravslutning eller teatertur
- god kake

Sak 26/19: Årsplan/aktivitetshjul

Det er lurt å informera om og invitera andre bygdekinnelag på aktivitetane våre, og me kan m.a. samarbeida med husflidslaget og bondelaget. Kven skal minna kvarandre på aktivitetar me har ansvar for? Leiaren har både gjennomførte og

planlagde aktivitetar på sakslista, så her bør me notera ned aktivitetane me er med på sjølv, og leggja inn ei påminning i god tid.

Sjå vedlegg for årsplan, men litt meir om nokre aktivitetar:

- a) Persesyltekveld: Helin tek bilete
Åse-Berit ordnar gave
- b) Temakveld m/IRS: Korleis sortera søppel, erfaringar frå i fjar, landbruksplast
21. januar 2020 kl. 19. 00 på grendehuset (SMÅ sjekkar)
Åse-Berit held kontakten med Roald Larsen
Solveig Marie inviterer bondelaget og Sirdal kommune
Eva, Helin og Tone bakar kvar si langpannekake
- c) Lefsekurs: 8. februar, ev. veke 7, men ikkje 13. februar
Helga Hadland og Bente Fidje har hatt dette før
- d) Bli kjend i bygda-tur: Tone, Siri, Helin og May Britt, der me startar med dei to turane som ikkje vart gjennomførte i 2018/2019
- e) Mat av ville vekster: M.a. ramsløkpesto og bruk av skvallerkål
- f) Juledekorasjonskurs v/Elisabeth Kronfeldt Eie, ev. i samarbeid med Sirdal husflidslag

Sak 27/19: Nye innbuarar

Me bad om hjelp frå alle medlemmene på årsmøtet, og Sirdal bondelag synest det er ein god idé og gjer kanskje det same på Tonstad.

Helin besøkjer Tarek (Kvæven og Smak i Sirdal), og

Åse-Berit besøkjer dei som har hytte nede i leilegheitsbygget på Myrleitet og må få levert blom til Granberg.

Sak 28/19: Basar

Solveig Marie kontaktar Arne Tjørhom i Sirdal skilag for samarbeid om basar. Det blir oppretta ei arbeidsgruppe med to representantar frå Sirdal skilag og to frå Sirdal BK; Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland.

Sak 29/19: Anna

- a) Hugs vervepremie ved innmelding i november!
- b) Solveig Marie, Siri og Åse-Berit reiser på lokallassamling på Forus 22.-23. nov.
- c) Det må ryddast på klubbrommet, og m.a. Eva og Åse-Berit er med på det.